



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 20.06.2018

Stad: Ikornnes kyrkje kl. 20.00.

Til stades: Irene Hørte Høibakk, Anne-Rita Kvistad Utgård, Per Gunnar Ulla, Trygve Ebbesvik og Erlend Lunde.

Gjest: Arild Sporsheim, kyrkjeverje

Orientering: Det vert no lagt til rette for at preikene i Ikornnes kyrkje også skal takast opp og leggast ut på nettsida og podcast.

Sak 10/18 **Diakoniplan**

Soknerådet gjekk igjennom korleis planen er bygd opp og hovudlinjene i innhaldet. Legg til grunn at kvart medlem les planen før eit fellesmøte med Sykkylven sokneråd 15. aug. kl. 20:00 i Ikornnes kyrkje. Soknerådet møter då kl. 19:00 for gjennomgang.

Sak 11/18 **Eittåring**

Kyrkjeverjen informerte.

Vedtak

Kyrkjelydane tek mot praksis-eittåring.

Ikornnes sokneråd støttar initiativet om å engasjere ein eittåring frå Bibelskolen i Grimstad i perioden august/september 2018 til medio mai 2019.

Dette underlagt kyrkjeverjen som øvste leiar. Finansieringa av dette skjer via det felles trusopplæringsfondet til Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd. Budsjettposten er avgrensa til kr. 100.000,-. Dette skal primært brukast til kost, losji og reisestøtte i samband med studieveker og heimreise.

Sak 12/18 **Kompenserande tiltak mot redusert presteressurs**

Kyrkjeverjen innleia til samtale.

Vedtak

Som mottiltak til redusert presteteneste i Sykkylven-Ikornnes vedtok Ikornnes sokneråd å løyve ein budsjettpost til leige av presteressurs på omlag 0,1 årsverk. Dette ved ei årleg overføring på kr. 25 000,- fra Ikornnes sokneråd til felles fond for sokneråda; 25130000 - Avsett til trusopplæringsarbeid. Forvaltninga av budsjettposten skjer via kyrkjeverjen/dagleg leiar.

Samrøystes vedteke.

Sak 13/18 **Stønad til misjonsreise for Ungdom i Oppdrag**

Sunniva Stave Overøye

Vedtak

Soknerådet stør med kr 10.000,- og ynskjer at ho kjem og har program på ei temakveld eller liknande.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Sak 14/18 Høyringsmelding: Detaljregulering for tidlegare Jarnes skule

Vedtak

Ikornnes sokneråd stør planforslaget slik det ligg føre.

Sak 15/18 Flygel i Ikornnes kyrkje

Lisbeth Hole Ulla ynskjer å starte ei innsamling til nytt flygel i Ikornnes kyrkje. Pianoet som står oppen kan då flyttast ned

Vedtak

Soknerådet stiller seg bak dette initiativet.

Sak 16/18 Flaggstang

Det er allereie vedteke at soknerådet ynskjer dette i samarbeid med Sørestrand FAU. Kyrkjeverjen sjekker ordning for flaggheising og pris på flaggstang.

Referent. Erlend Lunde